

- Legg ikkje ned brannstasjonen

24.11.2009



- Legg ikkje ned brannstasjonen, skriv UU. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen Utvikling vil verna brannstasjonen i bygda for nedleggjing. Rådmannen har foreslege dette i samband med kommunebudsjettet for 2010. Grunngjevinga er truleg økonomiske.

Leiaren i Uskedalen Utvikling, Gunnar Myklebust, skriv i eit brev til rådmannen at laget synest det er ugunstig å leggja ned branntroppen i Uskedalen. Uskedalstruppen har vist seg å vera dyktig og velfungerande og er dermed viktig for bygda. Det å ha ein branntropp stasjonert i bygda, og som kan tiltre på kort varsel, er avgjerande for å kunna redda liv og minimera negative konsekvensar ved brann og ulykker.

Dersom branntroppen i Uskedalen vert lagt ned må ein venta i minst 25 minuttar før tropp Husnes eller/og Rosendal er på plass til ulykkesstaden i Uskedalen sentrum. Det vil ta enda lengre tid om det skjer noko oppe i dalen. At det vil ta lengre tid frå nødanropet kjem til redningsfolka er på plass, er kritisk og kan medføra tap av liv og større materielle skadar.

Uskedal branntropp har låge driftsutgifter og ligg midt i kommunen. Denne troppen kan difor vera livsviktig assistanse for dei andre stasjonane når store ting skjer og det gjerne er lite mannskap som kan stilla i for eksempel Rosendal.

Vi ber difor om at stasjonen i Uskedalen får bestå som i dag! skriv Uskedalen Utvikling.